



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Voldapostmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
15/4454-	14/00824-53	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no	08.01.201 6

**Svar til Kunnskapsdepartementet om oppfølging av møtet 23.10.2015 - invitasjon til vidare dialog
14.01.2016**

Vi viser til brev av 301015. Nedanfor følgjer Høgskulen i Volda si omtale av mogelege alternativ til ein alliansemødell. Fellesdokumentet frå dei tre høgskulane som omhandlar alliansemødellen blir sendt frå Høgskolen i Lillehammer.

Vurdering av allianse og alternativ

Høgskulen i Volda (HVO) har i lag med Høgskolen i Molde og Høgskolen på Lillehammer vorte inviterte av Kunnskapsdepartementet til å levere ei vurdering av korleis ein alliansemødell kan styrke kvaliteten på utdanning og forsking ved dei tre institusjonane.

Leiinga ved dei tre høgskulane har i fellesskap utarbeidd eit alliansedokument: *Høgskolealliansen – et forpliktende samarbeid mellom høgskolene i Lillehammer, Molde og Volda for å styrke kvaliteten på utdanning og forsking*. Kvar av høgskulane vil i tillegg levere ei eiga vurdering av mogelege alternativ til alliansemødellen. Dei tre høgskulane har ulike alternativ som alliansen må vurderast opp i mot og har difor levert kvart sitt dokument.

Dokumentet vart lagt fram for styret ved Høgskulen i Volda på omframt styremøte 7. januar 2016.

Bakgrunn for alliansedokumentet

Høgskulen i Volda har i mange år vore involvert i eit regionalt samarbeid med høgskulane i Møre og Romsdal (Volda, Ålesund, Molde) og gjerne også Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det tidlegare styret såg ikkje vekk frå fusjon med dei aktuelle høgskulane, om Kunnskapsdepartementet meinte det var naudsynt.

Det fremste resultatet av desse regionale samarbeidstiltaka er ph.d.-utdanninga i helse- og sosialfag som fellesgrad mellom Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda. Då det vart klart at Høgskolen i Ålesund blei ein del av NTNU med verknad frå 1.1.2016, fall den regionale løysinga bort. Etter vedtak i styret i januar 2015 innleia Høgskulen i Volda samtalar med Høgskolen i Molde og Høgskolen i

Lillehammer, noko som over tid er utvikla til ideen om ein høgskuleallianse som er presentert i alliansedokumentet.

Aktuelle alternativ for Høgskulen i Volda ser difor i dag ut til å vere følgjande:

- Fortsatt sjølvstende med forpliktande samarbeidsavtalar med andre institusjonar (i første rekke Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane)
- Allianse
 - Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde, Høgskolen i Lillehammer
 - Evt andre høgskular
- Fusjon
 - Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - Alliansehøgskulane (Volda, Molde, Lillehammer)
 - Profesjonshøgskulen på Vestlandet

Situasjonen per i dag er at det er eitt klart alliansealternativ, men ikkje noko klart fusjonsalternativ. Omtalen av eventuelle fusjonar må difor nødvendigvis bli generell.

Høgskulen i Volda vil gå grundigare inn i ein diskusjon om alternativa dersom alliansemødelen ikkje lar seg realisere. I dette notatet har vi gjort nokre førebelse vurderingar av ulike alternativ.

Kunnskapsgrunnlaget for høgskular og universitet som vurderer samarbeid eller fusjonar er avgrensa eller uavklara. Til dømes gjeld det retningsliner og praksis for akkreditering av masterstudium, og då særleg den nye grunnskulelærarutdanninga der rammeplanen blir klar først seinare i 2016.

Eitt av dei nyaste bidraga er NIFU-rapport 2015:41 «Fusjonsutredning for Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund» frå desember 2015. Denne rapporten vil bli nytta aktivt i vår vurdering av situasjonen for Høgskulen i Volda og vil vidare bli omtala som NIFU-rapporten.

Høgskulen i Volda og kvalitetskriteria

Kunnskapsdepartementet og Stortinget har lagt til grunn til saman 12 kvalitetskriterium for vurdering av institusjonar innan høgare utdanning. Desse kvalitetskriteria er eitt element i det samla strategiske bildet, men vil gjennom ei stortingsmelding i 2017 og påfølgjande behandling bli meir utvikla.

I oppsummeringa i NIFU-rapporten går det fram at ein fusjon truleg ikkje vil ha noko å seie for 8 av dei 12 kvalitetskriteria. Av desse 8 er også to kvalitetskriterium som vart særleg omtala på etatsstyringsmøtet som Kunnskapsdepartementet hadde med Høgskulen i Volda i mai 2015: Studentrekruttering og rekruttering av toppkompetente.

Høgskulen i Volda ligg kanskje svakast an når det gjeld studentrekruttering og arbeider på mange måtar for å betre situasjonen. God oppfølging av studentane vert prioritert og høg gjennomføringsgrad vert oppnådd på mange studium. Styret ved Høgskulen i Volda deler likevel departementets uro når det gjeld rekruttering, men deler også NIFU-rapportens vurdering av at ein fusjon i liten grad vil påverke dette. Utvikling i regionalt arbeidsliv og demografi vil truleg ha meir å seie enn høgskulestruktur for korleis potensielle søkerararar vurderer utdanningane ved høgskulen i Volda.

Høgskulen i Volda som studiestad vil bli mindre synleg i det nasjonale kunnskapslandskapet om Volda blir ein av mange campusar innanfor ein større fusjonert institusjon.

Når det gjeld rekruttering av ny kompetanse ved Høgskulen i Volda, så har høgskulen ei positiv utvikling. I 2015 hadde for første gong over 50 prosent av dei fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda oppnådd førstekompetanse. Dei to alliansepartnarane Lillehammer og Molde har høgare del førstekompetente enn Høgskulen i Volda. Dei tre vestlandshøgskulane omtala i NIFU-rapporten har alle lågare del førstekompetente enn Høgskulen i Volda.

Ein allianse vil kunne gjere det lettare å rekruttere professor II-kompetanse enn gjennom fusjonar. Den nye strukturen i sektoren medfører færre institusjonar og dermed færre potensielle arbeidsgivarar for fagfolk som er aktuelle for professor II-stillinger. Dette vil kunne ha positiv innverknad på kompetansebygging, prosjektilstrøyming og kvalitet på eigne ph.d.-utdanningar i alliansen.

NIFU meiner at på fire kvalitetskriterium er det mogeleg at ein fusjon kan styrke dei tre høgskulane, samla sett:

- Eksterne forskingsinntekter
- Storleik på doktorgradsutdanning
- Internasjonal orientering
- Samspel med samfunnet

Som det går fram av allianseutgreiinga så er desse punkta sentrale samarbeidstiltak i modellen.

Grunnskulelærarutdanning i Volda

Ny rammeplan og nye vilkår for akkreditering av grunnskulelærarutdanning vil kome på plass i 2016. Mange av dagens lærarutdanningar er usikre på om dei vil kunne oppfylle dei nye krava, og det gjeld også Høgskulen i Volda.

Det er vanleg praksis at når det kjem nye krav så får institusjonane ein tidsfrist på å tilpasse seg eller å utvikle seg for å nå krava – aleine eller i samarbeid med andre. Grunnskulelærarutdanningane i Volda har samtidig med andre lærarutdanningar lagt fram dokumentasjon på planlagt kompetanseutvikling dei nærmaste åra som syner korleis krava kan nåast. Gjennom samarbeid med andre institusjonar om fellesgrader eller deling av toppkompetanse vil ein vere endå sikrare på at krava kan oppnåast. Her vil vi særleg peike på samarbeidet med Universitetet i Bergen som er i ferd med å bli utvida og formalisert.

Gjennom allianse, fusjonar og andre former for samarbeid kan ein tilby større breidde av fagtilbod enn høgskulen kan aleine. Ein høgskule med grunnskulelærarutdanningar med eit breitt fagtilbod vil likevel truleg vere attraktiv for fleire søkjrarar enn ei smal utdanning med få fag.

Alliansen vil til ein viss grad kunne styrke grunnskulelærarutdanninga i Volda gjennom faglege samarbeid.

Ein fusjon og ein påfølgjande SAK-prosess gjer det meir usikkert kva som kan skje med lærarutdanninga på studiestaden Volda, og den regionale rolla kan difor kome i fare.

Forpliktande samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen har teke initiativ til eit breitt fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda.

Universitetets motivasjon for dette er basert på kvalitetsvurderingar av fagmiljøa i Volda og er i seg sjølv eit teikn på at Høgskulen i Volda har god fagleg kvalitet på fleire område. Det har vore samtalar på leiingsnivå og i fagmiljøa mellom dei to institusjonane hausten 2015. Dei mest aktuelle samarbeidsområda er følgjande:

- Mediefag
- Norsk / nynorskforskning
- Lærarutdanning
- Deling av toppkompetanse
- Felles forskargrupper
- EVU og fjernundervisning

Innanfor kvart av desse områda er det i ferd med å bli identifisert konkrete samarbeidsprosjekt i dialog mellom institusjonane. Det mest konkrete er arbeid rundt språksamlingane som er i ferd med å bli flytta frå Universitetet i Oslo til Bergen og Vestlandet.

Slike avgrensa faglege samarbeid er ein del av høgskulen og andre akademiske institusjonar sin normalaktivitet og vil kunne halde fram uansett kva som blir den framtidige plassen til Høgskulen i Volda i den nasjonale UH-strukturen.

Høgskulen i Volda og Høgskulen i Sogn og Fjordane

Styra ved dei to høgskulane i Volda og Sogn og Fjordane har i fleire styrevedtak og i fleire styreperiodar vore konsistente på at det er ønskjeleg med meir samarbeid mellom dei to høgskulane. Begge har meint at å halde på sjølvstende er ein garanti for regionalt nærvær og samfunnsoppdag. Ingen av dei har til no foreslått eit tosidig samarbeid eller ein fusjon berre med dei to.

Geografisk sett konkurrerer dei to høgskulane truleg mest om kommunane i Nordfjord som ligg nærmast Volda, men som høyrer til Sogn og Fjordane fylke.

Høgskulen i Volda har lagt merke til at rektor ved Sogn og Fjordane har skrive i saksutgreiing til styret sitt at om profesjonshøgskulen for Vestlandet ikkje let seg gjennomføre, så er alliansen eit alternativ for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei tre alliansehøgskulane har vore tydelege på at Høgskulen i Sogn og Fjordane og andre høgskular er velkomne inn i alliansen og vurderer det slik at alliansen blir betre til fleire høgskular som blir med.

Høgskulen i Volda har også merka seg at i NIFU-rapporten står det at høgskufusjonar så langt berre har lukkast når det har vore to institusjonar involvert. Isolert sett talar det for at i ein gitt situasjon kan ein fusjon mellom Høgskulen i Volda og Høgskulen i Sogn og Fjordane vere eit mogeleg prosjekt å gjennomføre.

Lærarutdanningane ved dei to høgskulane vil i fellesskap truleg kunne stå sterkare enn kvar for seg, og den geografiske avstanden er såpass liten at det reink praktisk ligg godt til rette for deling av

toppkompetanse, noko som også skjer til ein viss grad i dag. Kompetansedeling kan også gjerast heilt uavhengig av om det blir allianse eller fusjonar, men med ein profesjonshøgskule for Vestlandet blir nok fokus for Høgskulen i Sogn og Fjordane nødvendigvis retta sørover.

Profesjonshøgskulen for Vestlandet

Høgskulen i Volda har valt å ikkje delta i fusjonsutgreiinga mot profesjonshøgskulen for Vestlandet. Leiinga ved HVO vart invitert inn i denne utgreiinga på møte med høgskulane og Universitetet i Bergen i september, men valde å ikkje ta i mot invitasjonen. Bakgrunn var blant anna vedtak i det tidlegare styret om at det ikkje var ønskeleg for Høgskulen i Volda å bli styrt frå ein institusjon i ein stor by, men heller arbeide for ei regional løysing for Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

NIFU-rapporten tek då også for gitt at profesjonshøgskulen for Vestlandet får hovudkontor i Bergen, og framhevar faktisk dette som eit forenklande trekk ved fusjonsprosjektet.

Det nye styret ved Høgskulen i Volda er orientert om at leiinga ved Høgskulen ikkje har teke i mot invitasjonen til å delta i fusjonsutgreiinga, og har ikkje hatt merknader til det.

Av oppdragsbrevet frå dei tre høgskulane til NIFU gjekk det fram at NIFU-rapporten skulle omtale HVO. Rapporten vart lagt fram i desember 2015, men Høgskulen i Volda var då ikkje omtala. Vi beklagar at rapporten ikkje vart slik vi hadde venta ut frå oppdraget til NIFU.

Rapporten er likevel interessant ved at den omhandlar regionale høgskular med delvis same utfordringar som Høgskulen i Volda.

Andre strategiske vurderingar

Kunnskapsdepartementet har overlate til styra ved dei einskilde høgskulane å finne fusjonspartnerar og det ser ikkje ut til at Kunnskapsdepartementet har vore usamd i vurderingane til nokon av høgskulane som har gått inn i alliansar. Det kviler altså eit stort ansvar på høgskulestyra i denne saka.

Strategiplanen for Høgskulen i Volda seier følgjande om høgskulens profil:

«HVO er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal, og dei nasjonale satsingsområda våre er:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forsking og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod»

Styret legg til grunn at Høgskulen i Volda også i framtida skal ha denne rolla i regionen og i det nasjonale kunnskapssystemet, og dei strategiske måla best kan oppnåast ved å vidareutvikle Høgskulen i Volda i tråd med strategiplanen.

Det er viktig for HVO å finne samarbeidspartnerar som kan støtte opp om utviklinga av høgskulens profil og satsingsområde. I tillegg er det vesentleg å ha samarbeidspartnerar som kan vere med på å styrke dei nye lærarutdanningane.

Med helsing

Jacob Kjøde
høgskuledirektør

Kopi til: Leiinga v/Johann Roppen, Leiinga v/Jens Standal Groven